

## 4. Vedlegg

### VEDLEGG A. Planinitiativ

Etter [forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningslova](#) skal tingingar om oppstartsmøte (**sjå vedlegg B**) for private reguleringsplanar innehalde eit planinitiativ. Planinitiativet skal i naudsynt grad omtala premissane for det vidare planarbeidet, og syta for at forslagsstillar får ei forståing av dei juridiske og fysiske høva i området før det tingast eit oppstartsmøte.


Mal for planinitiativ er å finna på kommunen si heimeside. [Lenkje til heimesida.](#)

Formelle krav i forskrifta vert oppfylt gjennom å fylle ut punkta a) - l) nedanfor. Det er også mogleg for forslagstillar å lage eit eige planinitiativ med same innhald.

Informasjonen bør fyllast ut så langt det er formålstenleg for å få ei god forståing for det som vert iverksett og for at kommunen skal kunne ta stilling til framlegget.

Gnr/bnr:	Framlegg til plannamn: <b>Detaljregulering for Knutsåsen Omsorgssenter, gnr/bnr 27/118 m.fl.</b>
a) gjer greie for bakgrunnen og formålet med planen	<p><i>Bakgrunn</i></p> <p>Stord kommune har behov for å utvida sitt eksisterande tilbod ved Knutsåsen omsorgssenter, som i dag består av 46 plassar.</p> <p><i>Formål</i></p> <p>Formålet med planen er å utvida omsorgssenteret og leggja til rette for ytterlegare 64 plassar og eit produksjonskjøkken som skal betena heile kommunen. Det har av Link Arkitektur AS vore utarbeida eit moglegheitstudie i forkant av planarbeidet. Her blei det testa 4 ulike scenario (A-D), og kor scenario D viste seg å vera best egna med omsyn til terreng, omgjevnadar, kapasitet og tilpassing til eksisterande bygning. Link Arkitektur har i arbeidet lagt til grunn ei oppdeling i avdelingar som er i tråd med husbanken sine retningslinjer og konkrete innspel- og arealoppsett frå Stord kommune. Det har vore ei klar forutsetning at ny busetnad skal knytast tett opp mot eksisterande bygning, slik at det blir eit samla anlegg. Dette vil styrka omsorgssenteret og gi driftsmessige fordelar.</p> <p>Knutsåsen er tilknytt eksisterande infrastruktur, og vil i framtidig situasjon framleis ha åtkomst frå vegen Kattatveit. Det føreligg ikkje ÅDT-målingar for vegen, men den er tovegskøyrd, er mykje brukt av mjuke trafikantar (deriblant skoleborn og barnehagar på tur) og er ikkje etablert med fortau. Trafikksikring- og utforming av tilkomstveg vil difor vera eit sentralt tema for planen.</p>
b) skildring av planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet	<p>Føreslått planområdet målar ca. 43,6 daa (sjå vedlegg 1), og omfattar eigedomen kor Knutsåsen omsorgssener er etablert i dag (gnr/bnr 27/118), samt eksisterande tilkomstveg Kattatveit/Sæ som ligg mellom omsorgssenteret og fylkesveg 544. Det er førebels tatt med nok areal til å kunne etablere terrengtilpassingar, anna veggrunn og fortau, samt andre vegutbetringar dersom det blir behov. Det er førebels teke godt i for å halda planen open for ulike behov som kan koma fram i samband med varsel om oppstart av planarbeid, og denne vil snevrast inn som ein del av planarbeidet. Det er ikkje ynskjeleg å nytta meir areal enn naudsynt. Endeleg planavgrensing, og kva som må takast med til omsyn av vegareal vil avklarast som ein del av planarbeidet.</p>

Arealet som det er aktuelt å byggja på, deriblant til utviding av eksisterande omsorgssenter og nytt uteareal, målar om lag 7 daa (sjå blå markering under). I tillegg er arealet vist i grønt aktuelt å nytta til uteområde/sansehage, samt parkering. Tomta har gode forutsetningar til å skapa gode bumiljø med gode sol- og utsiktstilhøve for eksisterande- og framtidige bebuarar.



#### Positive verknadar

- Det vurderast som positivt at nye omsorgsbustadar regulerast saman med eksisterande tilbod ved Knutsaåsen omsorgssenter. Her legg forholda til rette for å skapa gode bumiljø og arbeidsmiljø.

- Det vurderast som positivt å effektivisera

1 Tomta har tre definerte soner som egner seg for utbygging som vist i kartet. Orange=eksisterende omsorgsbustad, blå=areal eigna for utviding av bygning, grønn=areal eigna til uteområde/sansehage. Link Arkitektur AS


drifta enn å ta i bruk andre areal i kommunen til formålet.

- Tomta er romsleg, og utviding av omsorgssenteret kan formast slik at det kan etablerast romslege, trygge og lune uteopphaldsareal med ulike soner-, vegetasjon og aktivitetar til glede for bebuarar, besøkande og tilsette.
- Terrenget på tomta heller nedover mot vest. Link Arkitektur AS har føreslått ei utviding med eit bygg på 4 etasjar som er trappa inn i terrenget, og ikkje opplevast ruvande for tilliggjande naboar eller for omgjevnadane.
- Infrastruktur vil bli utbetra som følgje av planforslaget, og tilpassa landskap og behova til mjuke trafikantar.

#### Negative verknadar

- Effektivisering av Knutsaåsen omsorgssenter vil auka kapasiteten og mengde bebuarar, besøkjande og tilsette vil bli fleire enn i dag. Dette kan føra til meir trafikk i vegen Kattatveit og kan skapa farlege situasjonar for mjuke trafikantar. Vegen er allereie er trafikkert og det er ikkje etablert fortau for mjuke trafikantar. Med omsyn til trafikksikring for mjuke trafikantar, kan det vera aktuelt å ta med vegen Kattatveit/Sæ i varslingsgrensa, slik at offentlege aktørar ifm. varsel om oppstart kan uttale seg om trafikksituasjonen. Trafikksikkerheit vil utgreiast og vera eit sentralt tema i planarbeidet.
- Planområdet er i hovudsak bygd i dagens situasjon, men delar av planområdet er registeret med barskog med høg til særskilt høg bonitet. Utbygging vil medføre at eksisterande skogsområde vert erstatta med

	<p>andre formål i samsvar med overordna plan. Naturmangfald vil bli kartlagt og gjort reie for i planarbeidet, slik at negativ påverknad kan reduserast i størst mogleg grad.</p>
<p>c) planlagt utbygging, anlegg og andre tiltak</p>	<p>Det er ynskjeleg å leggja til rette for 64 nye omsorgsbustadar på gnr/bnr 27/118. Det vil bli tilrettelagt for ny innkøyring til omsorgssenteret frå vegen Kattatveit. Kattatveit/Sæ blir også inkludert i planområdet for å sikra trafikale forhold og mjuke trafikantar.</p> <p>Det er på noverande tidspunkt utarbeida ein moglegheitsstudie som består av 4 scenario, og det er konkludert med at scenario D leggjast til grunn i det vidare planarbeidet. Husbanken har vore involvert i prosessen og stiller seg bak alternativet. Endeleg utforming og føringar for bygninga vil bli utarbeida i endeleg planforslag. Moglegheitsstudien følgjer planinitiativet som eit vedlegg.</p> <p><b>Utviding av Knutsåsen omsorgssenter (Scenario D)</b></p> <p>Det er planlagt å etablere eit nytt hovudinngangsparti for omsorgssenteret i vest, der ny busetnad møter eksisterande sjukeheim. Utvidinga er utforma slik at den koplast på begge fløyer i eksisterande bygning, og skapar eit stort uteopphaldsareal i midten. Omsorgssenteret får ein gjennomgåande og lukka gangforbindelse mot eksisterande fløy, liknande som Stord sjukeheim Bandadalen har. Denne gangforbindelsen leggjast i ein etasje, og gir fri bevegelse og tilgang til alle uteopphaldsareal.</p> <p>Ei slik utviding av omsorgssenteret vil skape god flyt og samanheng i bygninga, det vil bli god kopling mellom gammal og ny bygning og skapast gode forutsetningar for funksjonell og økonomisk drift. Scenarioet er utforma med ei tydeleg og avgrensa åtkomstzone som er funksjonell med tanke på trafikken som vil koma til og frå produksjonskjøkkenet.</p> <p>Utforminga krev at nokre av dei eksisterande leilegheitene i vestfløyen må fjernast. Dette er ei føresetnad for å kunna etablere ei open og velfungerande åtkomstzone. I tillegg er dette vesentleg for å skapa ein samanheng i bygninga, der ein har tilgang til alle delar av bygninga frå hovudinngangen, utan å måtte kryssa ulike avdelingar.</p> <p>Foreløpig forslag til utforming ser slik ut, der mørk oransje er eksisterande bygning og lys oransje er utvidinga: (Skisser av bygningen er vist i neste punkt)</p>



2 Scenario D er utarbeida i moglegheitsstudiet, og er alternativet som leggest til grunn i planforslaget. Link Arkitektur AS

d) utbyggingsvolum og høgder

Med førebels forslag til utforming av nybygget er det på noverande tidspunkt estimert BRA for utvidinga av Knutsaåsen omsorgssenter:

Eksisterande omsorgssenter er ca. 3600m<sup>2</sup>.

Nybygget utgjer ca. 7680m<sup>2</sup>.

Knutsaåsen omsorgssenter vil i framtida- og ved utviding få ein total BRA på **11.280m<sup>2</sup>**.

Nybygget er planlagt med 4 etasjar, og bygget er utforma som eit «trappesystem» med omsyn til terreng, nær- og fjernverknad mot naboar.




3 Illustrasjon av foreløpig utforming, sett frå søraust. Link Arkitektur AS



4 Illustrasjon av foreløpig utforming, sett frå vest. Link Arkitektur AS


Foreløpig utforming av etasjane med funksjonar er vist i illustrasjonen under:

BTA  
A: 1 355,3 m<sup>2</sup>




1. etg  
Kobler seg på 1. etg i eksisterande bygg. Vestibyle, trappeskjerna, storkjøkken, lager, garderobe, admin etc

BTA  
A: 2 231,0 m<sup>2</sup>



2. etg  
Felles stove i utstikkeren, 2 stk bogrupper i den lange fløyen.

BTA  
A: 2 149,3 m<sup>2</sup>



3. etg  
2 stk bogrupper i den lange fløyen og 1 stk bogruppe med særskilte behov.

BTA  
A: 1 627,5 m<sup>2</sup>




4. etg  
2 stk bogrupper

BTA  
A: 761,9 m<sup>2</sup>



4. etg  
1 stk bogruppe

<p>e) funksjonell og miljømessig kvalitet</p>	<p>Det vil vera eit fokus på å skapa gode fellesområde for opphald med universell utforming. Det vil vera fokus på tilplanting av tre og andre grønne element i fellesområda for grønstruktur. Det er vurdert å etablere ein sansehage på delar av tomta. Det er eit ynskje om at grøntområda skal bli nytta og vera til glede for bebuarane, ikkje berre sjå fine ut.</p> <p>Ein ynskjer praktiske løysingar på tilkomstvegane. Dette ved at det skapast tydelege soner for køyrande og gåande, samt at det etablerast trygge løysningar for snuplass og renovasjonsområde.</p> <p>Planen ligg tett på eksisterande infrastruktur, som vegen Kattatveit. Dersom vegen takast med i planarbeidet, vil det vera ein ambisjon å gjera denne attraktiv slik at planen medverkar til at fleire nyttar sykkelen eller beina, i staden for bil som transportmiddel.</p>
<p>f) verknader av tiltaket på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader</p>	<p>Knutsaåsen ligg på ei høgde (ca. kote + 58), med hellande terreng mot aust. Eksisterande omsorgssenter ligg fint i landskapet, og er etablert med to etasjar. Bygget ligg slik til at det glir fint inn med omgjevnadane, og har ein fin overgang mot omkringliggjande småhusbusetnad. Omsorgssenteret forringar ikkje utsikta, eller er til sjenanse for naboar. I dagens situasjon er det mykje vegetasjon kring omsorgssenteret som dempar nær- og fjernverknadane av bygninga, og mjukar opp overgangen frå sjukeheimen til omgjevnadane.</p> <p>Ny utviding av omsorgssenteret er planlagt sør for, og i tilknytning til, eksisterande bygning. Arealet som det er aktuelt å bygga på ligg på eit flatare terreng (ca. kote 59), og er skjerma av terreng som omkransar tomta i nord (sjå illustrasjon under). Forholda ligg difor til rette for eit nybygg som kan trappast inn i terrenget, og som kan utformast med eit volum som harmonerer med omgjevnadane.</p>  <p><i>5 Noverande situasjon: Arealet som det er aktuelt å bygge på ligg skjerma i terrenget med eit høgare nivå i nord. Kommunekart.com</i></p>
<p>g) planstatus: forhold til kommuneplan, gjeldande reguleringsplaner og retningslinjer, og pågåande planarbeid</p>	<p>Planforslaget inngår i gjeldande kommuneplan som detaljeringssone «reguleringsplan skal framleis gjelde». Dette gjeld både Knutsaåsen omsorgssenter og vegen Kattatveit/Sæ. Vest for planområdet ligg kommunedelplan for E39 Heiane- Ådland/Nordre Tveita, vedtatt i 2017 som</p>




vist i kartet under.




6 Kommunedelplan for E39 Heiane-Ådland/Nordre Tveita. Kommunekart.com

Knutsåsen omsorgssenter er regulert til offentlege bygningar i reguleringsplan for «Leirvik del V, Lønningsåsen», vedtatt 11.05.1982. Området har tilkomst frå vegen Kattaveit, som er regulert som køyreveg i reguleringsplanen «Gravplass Kattatveit, gnr 27 bnr 211 m.fl.», vedteke 2009. Reguleringsplanen for Knutsåsen omsorgssenter vil og regulere sideareal til vegen Kattatveit, for å sikre siktelinjer og annan infrastruktur. Dette sidearealet er regulert til bustader/forretning/kontor og leikeareal i reguleringsplanen «Kunnskapshuset, gnr. 27 bnr. 4», vedteken 11.02.2010, industri/kontor/forretningsverksemd i planen «Ås, Frugardskogen og Frugardselva», vedteken 21.12.1994, veg, gang og sykkelveg, i planen «Gnr/bnr 27/365 m.fl., Kattatveit», vedtatt 22.10.2015, veg, grøntområde og annan veggrunn i «Gnr. 27 bnr. 299 og 399, utbyggingsplan i Sæ», vedtatt 26.06.2003, samt «Miljøgate fv. 544 gjennom Leirvik», med planID 201406.



7 Gjeldande reguleringsplanar i området. Kommunekart.com

Me er ikkje kjend med at det er pågåande planarbeid i nærområdet.

<p>h) vesentlege interesser som vert råka av planinitiativet</p>	<p>Delar av planområdet består av barskog som er registrert med særst høg skogsbonitet. Planarbeidet må undersøka og greia ut konsekvensane utbygginga vil medføra.</p> <p>Vidare skal naturmangfald vurderast som ein del av planforslaget. Tilgjengelege registreringar på nett (artsdatabanken.no) er undersøkt, men det er ikkje registrert sårbare eller trua artar i, eller nær planområdet. Nordvest for planområdet (der Kattaveit møter Lønning) er det registrert sårbare artar, deriblant: Hønsehauk (sårbar, reg 2013), granmeis (sårbar reg. 2013), tyrkerdue (nær trua, reg. 2012) og gråspurv (nær trua, reg 2012).</p>  <p>8 Registrerte artar i området. Det er ikkje registrert sårbare, eller framande artar i eller nær planområdet. Kart: Artsdatabanken.no</p> <p>Andre sentrale tema i planen er tilpassing til landskap og naboar, samt barn og unges interesser.</p>
<p>i) samfunnstryggleik og risiko. Gjer greie for aktuell risiko og sårbarheit for område.</p>	<p>Det vil kunna bli auka trafikk langs kommunale vegar. Kattaveit er ein kommunal tofeltsveg utan markering mellom køyrefelta, og vegen har heller ikkje fortau. Denne er mykje brukt av mjuke trafikantar (deriblant skuleborn og barnehagar på tur). Det vurderast som positivt om det vert gjort tiltak for å sikre både betre køyretilhøve og tilhøva for mjuke trafikantar. Frisiktssoner vil bli etablert i krysset ved innkøyring til planområdet.</p> <p>Løysing for vatn og avlaup vil gå fram av planforslaget, og det vil i planarbeidet avklarast om dette krev oppdimensjonering, eller omlegging av kommunalt nett.</p>
<p>j) offentlege organ og andre interesserte som skal varslast om planoppstart</p>	<p>Stord kommune, ved plan, byggesak og oppmåling (RBO)  Stord kommune, Stord kommune tekniske tenester (SKTT)  Statsforvalteren i Vestland  Fylkeskommunen i Vestland  Haugaland Kraft nett og fiber  ETC</p>
<p>k) prosessar for samarbeid og medverknad frå</p>	<p>Møte med instans og involverte for å få gode omsorgsbustadar.</p>



<p>fagmynde som vert råka, grunneigarar, festarar, naboar og andre som vert råka.</p>	<p>Møte med partar som er grunneigarar i planområdet. Varsling til naboar til planområdet.</p>								
<p>l) vurdering av om planen er omfatta av <a href="#">forskrift om konsekvensutredninger</a>, og korleis krava i tilfelle vil kunne verta ivareteke.</p> <p><b>Rettleiar:</b> Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2017). <a href="#">Veiledningsnotat - Konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningslova</a> (kommentarutgave).</p>									
<p>Er planen omfatta av forskrifta § 6, planer som alltid skal konsekvensutgreiast og skal ha program?</p>	<p><i>Nei. Dette er ein reguleringsplan, og vurderast etter §6 b. Punkt 24 i vedlegg I seier: «Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på mer enn 15 000 m2 (mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 11j)».</i></p> <p><i>Nytt tiltak er foreløpig estimert til å byggast ut med ca. 7680 m<sup>2</sup>. Tiltaket er dermed under 15.000 og krev ikkje KU iht. §6.</i></p>								
<p>Er planen omfatta av forskrifta § 8, planer som skal konsekvensutgreiast dersom dei har vesentlege verknader?</p> <p><b>Rettleiing:</b> Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2017). <a href="#">Når skal tiltak i vedlegg II konsekvensutrednes? Vurdering etter § 10 i forskrift om konsekvensutredninger</a> (Kommentarutgåve).</p>	<p><i>Forskrift om konsekvensutgreiingar § 8 slår fast at reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II skal konsekvensutgreiast dersom tiltaket kan få «vesentlege verknader for miljø og samfunn». Planen regulerer offentlig tenesteyting, som er eit tiltak omfatta av vedlegg II nr. 11 j. For å vurdere om tiltaket får vesentlege verknader for miljø og samfunn sjåast det til kriterium presisert i § 10, samt verknader av lokalisering og påverknad.</i></p> <table border="1" data-bbox="523 1283 1469 2038"> <thead> <tr> <th data-bbox="523 1283 999 1395"><i>Kriterium, § 10: Egenskapar ved planen eller tiltaket:</i></th> <th data-bbox="999 1283 1469 1395"><i>Kommentar:</i></th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td data-bbox="523 1395 999 1715"><i>størrelse, planområde og utforming</i></td> <td data-bbox="999 1395 1469 1715"><i>Tiltaket inneber eit nybygg på omtrent 7680 m<sup>2</sup>, som skal tilpassast terrenget. Arealet som det er aktuelt å bygge på ligg skjerna i terrenget med eit høgare nivå i nord. Planområdet er på 43,6 daa. Det er konkludert med at storleiken ikkje er tilstrekkeleg for å utløyse krav om konsekvensutgreiing.</i></td> </tr> <tr> <td data-bbox="523 1715 999 1933"><i>bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vann og biologiske ressursar</i></td> <td data-bbox="999 1715 1469 1933"><i>Planen legg til rette for bygging i eit skogholt, av mindre storleik. Det er ikkje venta omfattande bruk av naturressursar, og bruken av naturressursar utløyse ikkje krav om konsekvensutgreiing.</i></td> </tr> <tr> <td data-bbox="523 1933 999 2038"><i>avfallsproduksjon og utslepp</i></td> <td data-bbox="999 1933 1469 2038"><i>Det er venta at tiltaket bidrar til klimagassutslepp, støv og støy i anleggsfasen, frå byggematerial og</i></td> </tr> </tbody> </table>	<i>Kriterium, § 10: Egenskapar ved planen eller tiltaket:</i>	<i>Kommentar:</i>	<i>størrelse, planområde og utforming</i>	<i>Tiltaket inneber eit nybygg på omtrent 7680 m<sup>2</sup>, som skal tilpassast terrenget. Arealet som det er aktuelt å bygge på ligg skjerna i terrenget med eit høgare nivå i nord. Planområdet er på 43,6 daa. Det er konkludert med at storleiken ikkje er tilstrekkeleg for å utløyse krav om konsekvensutgreiing.</i>	<i>bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vann og biologiske ressursar</i>	<i>Planen legg til rette for bygging i eit skogholt, av mindre storleik. Det er ikkje venta omfattande bruk av naturressursar, og bruken av naturressursar utløyse ikkje krav om konsekvensutgreiing.</i>	<i>avfallsproduksjon og utslepp</i>	<i>Det er venta at tiltaket bidrar til klimagassutslepp, støv og støy i anleggsfasen, frå byggematerial og</i>
<i>Kriterium, § 10: Egenskapar ved planen eller tiltaket:</i>	<i>Kommentar:</i>								
<i>størrelse, planområde og utforming</i>	<i>Tiltaket inneber eit nybygg på omtrent 7680 m<sup>2</sup>, som skal tilpassast terrenget. Arealet som det er aktuelt å bygge på ligg skjerna i terrenget med eit høgare nivå i nord. Planområdet er på 43,6 daa. Det er konkludert med at storleiken ikkje er tilstrekkeleg for å utløyse krav om konsekvensutgreiing.</i>								
<i>bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vann og biologiske ressursar</i>	<i>Planen legg til rette for bygging i eit skogholt, av mindre storleik. Det er ikkje venta omfattande bruk av naturressursar, og bruken av naturressursar utløyse ikkje krav om konsekvensutgreiing.</i>								
<i>avfallsproduksjon og utslepp</i>	<i>Det er venta at tiltaket bidrar til klimagassutslepp, støv og støy i anleggsfasen, frå byggematerial og</i>								

		transport. Det er derimot vurdert at utsleppa ikkje er vesentlege nok til å utløyse krav om konsekvensutgreiing.
	risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar	Tiltaket medfører bygging i nærleiken av eit etablert omsorgssenter, men det sjåast på som lavt sannsyn for at ein alvorleg ulykke inntreff.
	§ 10: Lokalisering og påverknad på omgivnadene omfattar ei vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:	Kommentar:
	verneområde etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalde naturtypar (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, objekt, område og kulturmiljø freda etter kulturminneloven	Det er eit område som er registrert med høg KU-verdi som ligg vest for planområdet <sup>1</sup> , kor det er artar av nasjonal forvaltningsinteresse. Dette er utanfor planområdet, og utløys ikkje plikt for konsekvensutgreiing.
	trua arter eller naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne og kulturmiljø, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar, område med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særleg viktige for friluftsliv	Innanfor planområdet er det registrert ein hestehal frå andre kvartal av 1900-talet, som er ein gul SEFRAK-registrering. Denne er ikkje verneverdig.
	statlege planretningslinjer, statlege planføresegn eller regionale planføresegn gitt i medhald av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske føresegn eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhald av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77	Ikkje i konflikt.
	større omdisponering av områder avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemd	Nei. Området er for det meste regulert til offentleg tenesteyting.
	økt belastning i områder der fastsette miljøkvalitetsstandardar er overskride	Nei

<sup>1</sup> <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>


	<i>konsekvensar for befolkningas helse, for eksempel som følge av vatn- eller luftforureining</i>	<i>Nei</i>
	<i>vesentleg forureining eller klimagassutslepp</i>	<i>Nei</i>
	<i>risiko for alvorlege ulykker som følge av naturfarar som ras, skred eller flaum</i>	<i>Nei</i>
<i>Tiltaket er ikkje KU-pliktig etter § 8.</i>		

Kva for eit infrastrukturtiltak (teknisk og grøn infrastruktur) er tenkt regulert og opparbeidd	Vegen Kattatveit takast med for å sikra sikker tilkomst til omsorgssenteret. Behov for ytterligare vegareal vurderast som del av planarbeidet.
Om offentlige vatn- og avløpsleidningar vert råka	Me er kjend med at det ligg ei VA-leidning i vegen Kattatveit. Det vurderast som ein del av planarbeidet om det er hensiktsmessig at denne takast med i planforslaget.
Kva ligg føre av kartlegging, t.d. grunnundersøkingar og arkeologiske undersøkingar, per i dag	Det er ikkje utarbeida spesifikke undersøkingar på noverande tidspunkt. Aktuelle kartleggingar og undersøkingar vil gå fram av planforslaget.
Om det er spesielle undersøkingar som bør gjerast som ein del av planarbeidet	Naturmangfald
Grunneigarar, rettshavarar innanfor planavgrensinga	Stord kommune
Ei vurdering av kva planen kan tilføre området av kvaliteter for naboar/omgjevnader/nærmiljø.	Dette vil bli omtalt i planarbeidet. Vegen Kattatveit er brukt av born og unge, som skuleveg og av barnehagar på tur. Det vil vera positivt å auka trafiksikringa for vegen. Vidare vil planen gi betre kapasitet for omsorgsbustadar i kommunen, og i eit område kor dette allereie er etablert i dag.

## Vedlegg 1

Forslag til varslingsgrense. Den følger i hovudsak eigedomsgrensa til arealet kor det er planlagt å utvida omsorgssenteret. Varslingsgrensa er for det meste lagt i byggjegransa mot veg i gjeldande reguleringsplanar. Varslingsgrensa vil snevrast inn og arbeidast vidare med i planarbeidet. Det er ikkje ynskjeleg å ta med meir areal og eigedomar enn naudsynt.

Går på tvers av eigedomsgrenser, men legg ikkje til rette for deling. Bygningar som det ikkje er planlagt endringar for, takast ikkje med i planområdet.



9 Varslingsgrense.